



Statens vegvesen

Nortømmer AS – Hordaland

Marte Storebø

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
19/16249-4

Dykkar referanse:

Vår dato:
23.05.2019

Førehandstilsegn – Tømmeravkøyrslø – Fv. 565 – Gnr. 63 bnr. 1 – Radøy kommune

Vi viser til søknad av 15.03.2019.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§43](#) gir vi løyve til etablering av avkøyrslø frå fv. 565 hp 3, km 1,809 til eigedomen gnr. 63 bnr. 1 i Radøy kommune.

Vilkår for løyvet

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964 og forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982.*

1. Avkøyrslø skal plasserast i tråd med situasjonsplan, datert 22.05.2019. I tillegg skal ein følgje *Prinsippskisse* som ligg ved.
2. Løyvet gjeld mellombels skogbruksavkøyrslø
3. Frisikt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkøyrslø skal vere 72 meter til kvar side av køyrebanen. Eventuelle planter og liknande i frisiktsona kan ikkje vere høgare enn 0,5 meter (sjå *Prinsippskisse*).
4. Svingradius skal vere 12,5m (25m i diameter). Svingradius skal markerast tydeleg. Smalaste punkt i avkøyrslø skal ikkje vere meir enn 6 meter (sjå *Prinsippskisse*).

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081


Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

5. Stigningskrav må holdast (sjå *prinsippskisse*). Vi vil særleg gjere merksam på at avkøyrsla skal ha fall frå fylkesvegen med 5 cm dei første to meterane.
6. Dersom avkøyrsla går over ei veggrøft, må det leggjast eit røyr. Røyrret må vere tilstrekkeleg langt og leggjast slik at grøfta ikkje blir skadd, og slik at grøftevatnet får renne unna. Sjå våre krav under.
7. Dersom det ikkje er snuplass der frå før, må det etablerast ein snuplass inne på eigedommen, slik at det ikkje blir nødvendig å rygge ut på offentleg veg.
8. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til riks-/fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrslar, frisktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.
9. Så snart tømmeravkøyrsla er ferdig bygd, må det vedlagde skjemaet *Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrslar* underskrivast og sendast i retur. **Avkøyrsla skal vere godkjend av Statens vegvesen før den vert tatt i bruk.**
10. Når skogsdrifta er avslutta skal avkøyrsla reduserast. Siktkrav er som før jamfør pkt 3, medan svingradius jf. pkt 4 skal reduserast til 4 meter og smalaste punkt i avkøyrsla skal vere 4,5 – 5 meter.
11. Arbeidet må være starta opp innan tre – 3 – år etter at løyvet er gitt, viss ikkje fell løyvet bort.

Eigaren eller brukaren av avkøyrslan har sjølv ansvaret for at *krav jf. Prinsippskisse* til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til friskt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Statens vegvesen trekkje tilbake løyvet.

Særleg om krav til utforming av grøft og stikkrenne;



Vi gjer merksam på at arbeidet med avkøyrsla kan krevje arbeidsvarsling og/eller graveløype. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/gravemelding/gravetillatelse>

Bakgrunnen for vedtaket

Statens vegvesen skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrsl frå.

Når tømmeravkøyrsla er ferdig bygd skal Statens vegvesen kontrollere avkøyrsla og eventuelt gje løyve til mellombels bruk. Når tømmerdrifta er avslutta skal avkøyrsla reduserast og berre nyttast som jordbruksavkøyrsl. Krav til utforming kjem av pkt. 10. Søkjar må då ta kontakt med Statens vegvesen for å få endeleg godkjenning til bruk av landbruksavkøyrsl. Vi vil då stille krav om at eventuelt andre landbruksavkøyrslar til denne teigen vert stengt.

Ta kontakt med saksbehandlar dersom det er spørsmål knytt til dette brevet.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«klage på forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Hordaland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen Region vest PB. 43, 6861 Leikanger eller firmapost-vest@vegvesen.no, som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Plan og forvaltning, Bergen

Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppekoordinator

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER

Vedlegg

Veglova [§ 40](#) og [§43](#)
Situasjonsplan datert 22.05.2019
Krav til utforming av avkøyrsl (Prinsippskisse)
Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrsl

Statens vegvesens saksnummer 19/16249

Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrslø

Eg/vi melder om at avkøyrslø frå fv. 565, hp 3, km 1,809 er ferdig opparbeidd i samsvar med vilkår fastsett i løyve datert 22.05.2019.


.....
Sted/dato

underskrift søkar/grunneigar

.....
Underskrift utførande entreprenør

Samtykke sendast til: firmapost-vest@vegvesen.no


PRINSIPPSKISSE




Tilsvarende sikt lengder som vist på tegningen må også gjere gjeldande for trafikken som kjem på hovedvegen og skal inn i avkjørsla (sikt bakover og framover langs hovedvegen)

Av hensyn til snø og vegetasjon skal det i frisiktsonen vera fritt for sikthinder høgare enn 0,5 m. over hovedvegens nivå



Krav til svingradius for avkjørsla :



Krav til lengdeprofil for avkjørsla/tilkomstveg:



Snr.



Situasjonsplan tømmeravkøysle
Marås, gnr. 63 bnr. 1 - Radøy kommune
22.05.2019
Målestokk 1:1000
Statens vegvesen